

Rovviltnemda i region 6

Møre og Romsdal, Trøndelag

Høringsvar av revidert kapittel 2 i forvaltningsplan for rovvilt i region 6 Midt Norge frå Tingvoll og Gjemnes Bonde og Småbrukarlag.

Høyrings-forslaget gjeld forvaltning av bjørn og jerv når årleg bestandsmål/ fylkesmål ikkje er nådd. I Tingvoll og Gjemnes er ikkje del av forvaltningsområdet for bjørn og jerv, men begge artane forkjem med varierende mellomrom. Denne uttalen er difor prinsippiel.

Beitenæringa er ein viktig ressurs med tanke på matberedskap og beitedyr må prioriteres ved at det er låg terskel for å ta ut skadegjerande rovvilt. Ved dokumentert skade på beitedyr bør det vere ståande fellingsløyve uavhengig av bestandsmål for bjørn og jerv. I områder med tradisjonelt høge tap til rovvilt bør det opnast for forebyggjande uttak av rovvilta ein veit står bak tapa. Dette gjeld spesielt utanfor forvaltningsområda, sjølv om fylkesmål ikkje er nådd.

For eigare av husdyr vil ståande fellingsløyve ved dokumentert skada utenfor forvaltningsområda gje tryggleik og større aksept for tilstedeværelse av rovvilt. Dette er noko som bevaringa av rovvilta våre vil tene på i det lengre perspektiv.

Forvaltninga av rovvilt skal vektlegge forutsigbarheit med lokal medverknad. Landbruksorganisasjonane må difor vere tungt med i utarbeiding av forvaltningsplaner for rovvilt. Ei forvaltningsplan skal gje bærekraftig forvaltning av rovvilta, men og ivareta næringsutøving og andre samfunnsinteresser.

Forvaltninga av bjørn må sjåast i samanheng med den felles bestanden vi har med Sverige. Sjølv om nasjonale bestandsmål ikkje vert nådd er ikkje arten truga. Dette er ei vurdering som må ligge til grunn når felling av binne er aktuelt. Utanfor forvaltningsområdet bør det vere låg terskel for felling av bjørn, uavhengig av kjønn.

Forvaltninga av jerv for region 6 noko meir komplisert, men også her bør retta uttak av skadegjerande individ ha låg terskel, både utanfor og innan forvaltningsområder.

Når det gjeld grensane for forvaltningsområda for bjørn og jerv er desse greie.

For Tingvoll og Gjemnes Bonde- og Småbrukar- lag
Nils Fløystad